

Inntaksrutine på TAF

1. Elevane søker på VIGO innan søknadsfristen. TAF må først opp som første prioritet.
2. I tillegg til å søkje på VIGO, skal det sendast TAF-søknadsskjema (sjå skulen si heimeside) direkte til den skulen det vert søkt til. Her skal det først opp karakterar frå termin 1.
3. Ungdomskulane sender standpunktkarakterar til Fusa vidaregåande skule så snart dei er klare (veke 23).
4. Søklarane vert rangert etter karakterar av Fusa vidaregåande skule. Tal elevar som vert rangert er avhengig av kor mange praksisplasser verksemdene stiller til disposisjon.
5. Søklarane som er rangert etter pkt 4, vert fordelt til intervju i samråd med bedriftene. Her vert det, så langt råd er, teke omsyn til geografi, reiseavstand m.m.
6. Så langt råd er, prøver ein å få til at dei som vert plukka ut til intervju får intervju med to verksemdar.
7. Verksemdene kallar elevane inn til intervju. Intervjua vert vanlegvis gjennomført i veke 23 – 25.
8. Etter at intervjua er gjennomført, avgjer TAF-verksemdene kven dei tar inn.
9. Fusa vidaregåande skule sender innstillinga til TAF-inntak til Hordaland fylkeskommune (vanlegvis i veke 26)
10. Elevane får melding om inntak frå Hordaland fylkeskommune samstundes som alle andre elevar til vidaregåande utdanning i Hordaland.

Eikelandsosen, 24. januar 2019